

MØTEREFERAT 13. juni 2023

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 13. juni 2023
	Kl. 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Katrine
Opning:	Jens Arne

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Møtte: Marta Kristin Valvatne, Oddbjørg Løkling, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Karen Marie Valvatne, Randi Bod Haugsdal, Reidar Ådnanes

Møtte ikkje: Heine Kaldefoss, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Ståle Betten,

SAKLISTE

2023/17 - 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Forslag til vedtak: Godkjent. Me må ha med sak om sommarfullmakt til AU.

2023/18 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 11.04.2023

Vedtak: Godkjent.

2023/19 - Trusopplæring

Saksutgreiing: Kyrkjelydspeagog Ingvild B. Almås og diakonmedarbeidar Solveig Høyland er med i møtet. Dei orienterer om ei ny organisering av konfirmantopplegget. Erfaringane frå siste året som har vore krevande. Målet er å få til mindre grupper. Og interessegrupper som blir tildelt konfirmantane etter kva interesser dei har. Det vil og bli gudstenestedtaking av gruppene. Korleis vil resten av trusopplæringa bli? Me kjem tilbake til dette når me ser på strategiplanen som kjem

2023/20 - Utlysning av soknepreststilling i Nysæter

Saksutgreiing: Nysæter sokneråd vurderer utlysningsteksten. Håpar på tilsetting 03.10.2023

Vedtak: Nysæter sokneråd godkjenner utlysningsteksten med nokre små endringar som vart gjort i møtet.

2023/21 - Arbeidsoppgåver for spesialprest.

Saksutgreiing: Orientering frå prost Svein Arne Theodorsen ligg ved.

Vedtak: Nysæter sokneråd tek dokumentet om arbeidsoppgåverne til vitande.

2023/22 - Godkjenning av planstrategi

Saksutgreiing: Vedlagt finn de saksdokumnet for ein førebels planstrategi.

Vedtak: Nysæter sokneråd tek til vitande arbeidet som er i gang.

2023/23 - Planarbeid / planstrategi oppnemning av arbeidsgruppe og utval

Saksutgreiing: AU har oppnemnt ei gruppe til å utarbeide den generelle delen av planen. Denne gruppa er samansett av: Heine Kaldefoss, Katrine G Kvernenes og Reidar Ådnanes. Det er og ynskjeleg at vert oppretta eit par utval til, slik at ein får utval for alt som føregår i kyrkja. Kultur, tiltak for fellesskap og frivillige fell ikkje så godt innanfor dei utvala me har i dag. Det vart informert litt om korleis Trusopplæringsutvalet har starta på sitt planarbeid. Det vart delt ut eit arbeidsdokument i møtet. Diakoniutvalet har laga ein plan for Stord sokn. Men dei må og laga ein plan for Nysæter sokn

Vedtak: For at ulike aktivitetar og arbeidsområda skal sortera under utval vil me:

1. Oppretta eit utval for kyrkjeliv. Dette utvalet får ansvar for planane når det gjed frivillig teneste i kyrkjelyden og fellesskapsbyggandetiltak, slik som t.d Puls på livet, kyrkjekaffi, ettermiddagskaffi osv
Til kyrkjelivsutvalet føreslår me desse medlemmer: Oddbjørg Løkling, Ida Elin Hatlevik, Oddbjørg tek ansvar for å snakka med Ida Elin.
2. Gudstenesteutvalet har og ansvar for musikk og kulturliv og laga planar for det.
I gudstenesteutvalet sit: Kantor Bjarte Aadland, Jens Arne Stautland, Gunnvor Lie Andersland og sokneprest. Vidare føreslår me å supplere utvalet med Roald Sangolt. Namnet på utvalet blir: Utval for gudsteneste og kultur.

2023/24- Plan for sokneråd hausten 23

Saksutgreiing: Det må leggst ein plan for soknerådsmøter og overlapping av nytt sokneråd, og AU hausten 23.

Vedtak: Sokneråd: 05.09.(planarbeid frå utvala), 21.09. (felles med stab og nye sokneråd) og 31.10. (felles med mat, takk og konstituering) AU: 29.08., 14.09. og 17.10.

2023/25- 002.31 Plan for soknerådsvalet

Saksutgreiing: Soknerådet må oppnemna vaktliste for valdagen. Det må og bestemmast eit stemmestyre og ein ansvarleg. Alle i soknerådet bør stilla til oppteljing etter valslutt. Førehandsval i samband med gudsteneste i Nysæter vert 03.09. Det vert valkurs 04.09 kl 18.00-21.00 i Nysæter kyrkje. Plan for valdagen ligg vedlagt under referatet.

Vedtak: Nysæter sokneråd vedtek førehandsrøysting i samband med gudstenesta 03.09. Oddbjørg Løkling og Marta Kristin Valvatne er ansvarlege for førehandsrøystinga den dagen. Brynhild Meyer Stautland vert ansvarleg for valet i Nysæter. Vaktskjema er utfylt og vedteke.

2023/26- Rekrutering av frivillige

Saksutgreiing: Det trengst nye og fleire til oppgåver som kyrkjevert og kyrkjekaffi. Soknerådet snakka om kven som kan utfordrast. Det vart nemnt ein del namn og dei vert utfordra.

2023/27- Plassering av driftsoverskot

Saksutgreiing: Nysæter sokneråd har eit overskot for 2022 på 16.667,- kr

Vedtak: Driftsoverskotet for 2022 ver plassert i ubundne fond.

2023/28 – 010 Sommarfullmakt

Vedtak: Nysæter sokneråd gir arbeidsutvalet (AU) fullmakt til å gjera vedtak på vegne av soknerådet i sommarferien, avgrensa til saker som soknerådet etter gjeldande lover og reglar har høve til å delegera. Vedtaka skal leggjast fram for soknerådet i første møtet etter ferien.

- **Generell informasjon**

1. Gudstenestene framover:
18. juni felles i Stord
25. juni felles i Gruvo. Medbrakt kyrkjekaffi/lunsj. Kl 14.00 er det konsert på Utslettefjellet. Me tek med litt enkle leikar til denne gudstenesta. Jens Arne og John Oddvar er P-vakt for å visa veg.
2. Reidar informerer frå staben
3. Gudstenestutvalet har ynskje om to kveldsgudstenester i semesteret i Nysæter kyrkje. Det vert arbeid med å få desse gudstenestene på plass. Ei gudsteneste i september og ei i november.

• **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat frå Stord sokneråd 18.04.23
2. Referat i frå Stord sokneråd 01.06.23
3. Referat i Fellesrådet 19.04.23
4. Referat frå Diakoniutvalet 26.04.23
5. Referat frå Trusopplæringsutvalet 25.05.23
6. Referat i frå Diakoniutvalsmøte 31.05.23

Marta Kristin Valvatne
soknerådsleiar
sign.

Brynhild Meyer Stautland
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd	
Tid:	5. september 2023 kl 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Oddbjørg
Kaffi:	Karen Marie

VAKTLISTE	Nysæter ungdomskule Sagvåg og Litlabø krins
kl. frå - til	navn
	Ansvarleg: Brynhild
09.00 - 13.00	Karen Marie
	Marta Kristin
	Katrine
13.00 - 17.00	Oddbjørg
	Ingebjørg
	?
17.00 - 21.00	Reidar
	Brynhild
	?
Opptelling	Jens Arne Oddbjørg Marta Kristin Reidar Randi Brynhild John Oddvar